



Notat

Dato
LEIKANGER, 19.01.2017

Til: Hovudutval for næring og kultur

Frå: Fylkesdirektøren

Fylkeskommunen sitt engasjement i salsmesser

Fylkeskommunen står tre ulike messer, alle relaterte til marint eller maritimt næringsliv. Dette er oljemessa ONS (Offshore Northern Seas), Fiskerimessa Nor-Fishing og akvakulturmessa Aqua-Nor. ONS vert arrangert anna kvart år (siste veka i august) i Stavanger. Nor-Fishing og Aqua-Nor vert arrangert anna kvart år, i august månad i Trondheim.

Det vert gjennomført ei evaluering etter kvar messe, og ris og ros kjem fram frå utstillerane. På bakgrunn av dette stiller vi oss stadig spørsmål om vi har funne vår optimale form for å legge til rette for deltaking frå næringslivet i fylket. Dette notatet er ei oppsummering, og eit forsøk på å gjere fornuftige vegval for dette arbeidet.

For alle tre messene gjeld det at fylkeskommunen ved Nærings- og kulturavdelinga tek initiativ til å marknadsføre vårt marine/maritime næringsliv og bedrifter på messene. Dette gjer vi gjennom å gje dei som ynskjer det, tilbod om å stå saman på attraktive utstillingsareal. Det er noko ulikt korleis fylkeskommunen si deltaking i fellesstandane er, men vi går inn med økonomisk støtte minimum tilsvarande arealleige og vi står som formell «eigar» av arealet overfor messeleiinga. Det gjev oss også i realiteten opsjon på å få tildelt attraktive areal ved neste messearrangement. Dette har over tid vore særleg viktig når det gjeld Aqua-Nor og Nor-Fishing der «vår» hall har vore spesielt attraktiv. Frå 2016 har vi fått svært sentral plassering også på ONS.

Bakgrunnen for at fylkeskommunen engasjerer seg i desse messene, er at vi meiner dei er viktige arenaer for å synleggjere bedrifter sin styrke og innovasjonskraft, nasjonalt og internasjonalt. Messene er i første rekke salmesser, der leverandørindustrien kan synleggjere seg og produkta. Fylkeskommunen har ikkje som føremål å marknadsføre seg sjølv, men er likevel synleggjort i marknadsføringa som prosjekteigar og i tillegg med logo el. liknande på standen der det kjem fram at det er Sogn og Fjordane fylke (eller fylka på Vestlandet, når det gjeld Aqua-Nor) som er fellesnemnaren for utstillerane på fellesarealet.

Kort omtale av dei ulike messene

Aqua-Nor

Sogn og Fjordane har sidan 2005 finansiert ein fellesstand for bedrifter frå dei fire vestlandsfylka. Sogn og Fjordane fylkeskommune ligg inne som opsjonshavar på dette fellesarealet. Oppdraget med planlegging, sal til bedrifter, bygging av stand og gjennomføring av opplegget er ute på offentleg anbod. I 2017 er det SALT frå Lofoten som har fått oppdraget.

Vi får jamt over gode tilbakemeldingar, og bedriftene og FoU-institusjonane er nøgde med å vere profilert som «Vestlandet» under messa. Mange utstillerar (særleg dei største) har eigne stands. Vi har hatt utfordringar med ujamn fordeling av utstillerar, der Rogaland og Sogn og Fjordane har hatt låg representasjon. I 2017 er det eit mål å rette opp dette, det betyr at fleire bedrifter, som har signalisert sitt ynskje om å stå på fellesstanden, frå Hordaland i 2017 vil få avslag. Vi vil i 2017 prioritere små og relativt nyetablerte bedrifter.

Vi går inn med inntil 300 000 kr til fellesstanden. Bedriftene kjem då til «nøkkelferdig» stand, der bord, stolar, brosjyrestativ, felles profil, sjømatbar, informasjonsdisk, kaffimaskin, vassdispenser, samt møte- og avslappningsareal i 2. høgda er inkludert i arealleiga. I tillegg dekker dette kostnadene til reise og opphold for administrasjon, og leige av areal for profilering av fylkeskommunane sitt arbeid innan marin sektor (t.d. forvaltning, opparbeidning av marine grunnkart, utvikling av straumkart for kysten og fjordane, finansiering av utviklingsprosjekt, utdanning på vidaregåande skule og fagskule, profilingsmateriell). Totalt 280 000 kroner. Totalbudsjett på standen er 1,34 millionar kr.

Nor-Fishing

Sidan 2002 har fylkeskommunen vore med og finansiert fylkesstand under Nor-Fishing. Denne fekk dei første åra sterke kritikk for at dette vart for sentrert om Måløy, og ikkje nok inkluderande for det fiskerirelatert næringslivet elles i fylket. Vi gjekk då etter kvart inn «på eigarsida» med ansvar for tinging av areal og dekking av arealkostnader.

På grunn av sterke meiningar og påverknad frå einskildbedrifter og den tidlegare historia der «Måløy-standen» var eigm og styrt frå Måløy, har denne messa vore problematisk å handtere. Styring av budsjett viste seg problematisk i byrjinga, vi har m.a. prøvd ut løysingar der Vågsøy kommune hadde prosjekteiinga og fylkeskommunen budsjett og økonomiansvar utan at dette var vellukka. Vi har slite med å finne ei form på arbeidet som profilerer våre fiskerirelaterte bedrifter på ein god og (for bedriftene rimeleg) måte. Allereie i 2007 gjorde vi framlegg til hovudutvalet at vi ikkje skulle arrangere fellesstand i 2008, men heller gje små og nyetablede bedrifter «stipend» for å delta på messa. Dette vart ikkje vedteke, og messa vart også dette året gjennomført i ordinære rammer. I 2014 vart oppdraget med å arrangere messa lyst ut, men den eine av dei to tilbydarane som leverte pris, trakk tilbodet sitt, og vi sto att med same aktør som tidlegare. Dei gjer ein god jobb, men det førtे då ikkje til større endringar i konseptet slik vi hadde tenkt for å kome kritikarane i møte. Mykje av kritikken går på at arealet kostar for mykje, og at det er rimelegare å ordne seg ein stand sjølv. Prisen på areal var om lag det same på fiskerimessa som på akvakulturmessa, og også på same nivå eller noko lågare enn arealleiga på Møre og Romsdal sin stand (4 000 kr/m² pluss dekor). Vi har tenkt at utstillarane kanskje får meir tenester/infrastruktur på ein fellesstand enn det dei er villige til å betale for, men når vi spør dei, vil mange ha «full pakke» med møterom, servering, fellesareal etc., men berre rimelegare. Dette har så langt ikkje vore mogleg. Det er mykje som tyder på at ikkje alle elementa er med når deltarane samanliknar prisar.

Vi har, som referert over, tidlegare forsøkt å sette fokus på små og nyetablede bedrifter, men salet av fellesarealet til bedrifter er tungt, slik at profilen «forsvinn» i strevet med å få seld unna areala fylkeskommunen har tinga og betalt for. I 2016 fekk bedrifter 0-5 år redusert leiga til 2 000 kr/m², opptil 6 m². Dei måtte betale full leige (kr 3750) om dei skulle ha større areal. 20 % av arealet vart reservert desse bedriftene. 20 % av arealet vart reservert bedrifter som ikkje vil ha eigen utstillingsplass, men som har med seg ein roll-up og eit brosjyrestativ.

Kostnadane for fylkeskommunen har vore totalt 450 000 kr dei siste åra. Totalbudsjettet har vore mellom 820 000 -1 000 000 på dei to siste messene.

ONS

Sogn og Fjordane har vore representert med fylkesstand sidan 2004. Tidlegare har det vore tinga inntil 200 m² utstillingsareal. Det har då vore naudsint å opne for eksterne selskap for å fylle arealet.

I 2016 vart arealet redusert. Fylkeskommunen fekk tilbod om 137,5 m² i hall 8. Dette er ein av dei mest sentrale hallane på ONS. Viktige utstillarar i denne hallen er til dømes Statoil, Olje- og energidepartementet, Oljedirektoratet og oljeselskapet Det Norske. For å halde på arealet, er det tinga areal for 2018. Dette kan seiast opp kostnadsfritt fram til 1. oktober 2017.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har gjennom mange år samarbeidd med firmaet Struktur Messer & Display AS. I 2014 samarbeidde fylkeskommunen med Fantastiske Osberget etter å ha førespurt fleire aktuelle selskap. I 2016 vart tilretteleggingsjobben derimot gjort av Maritim Forening Sogn og Fjordane, som valde å samarbeide med Artwerk/Pixelwerk. Bidraget frå fylkeskommunen var i 2016 å betale for sjølve arealet, mens alle andre kostnadar vart betalt av utstillarane.

Opplegget i 2016 vart omtala slik (<http://www.sj.no/sentralt-plassert-paa-ons.5901305-339465.html>) på våre heimesider. For første gong vart det også ytt noko støtte (administrativ løvving) til ei eiga fornybarutstilling. Ein konsekvens av denne modellen var at det vart mindre rom for at bedriftene kunne stille med eige profileringsmateriell. Eitt selskap frå fylket valde i år å stå på eigen stand.

Sogn og Fjordane har teke eit fellesløft på ONS sidan 2004. Tilbakemeldingane inneheld i all hovudsak ønskje om vidareføring. ONS er ei kostbar messe å delta på (4 450 kr ex mva per kvadratmeter ved tidleg bestilling). Prisane gjeld for «råtomt».

Sogn og Fjordane har i forhold til mange andre fylke få og små bedrifter innan næringa. Å få til ei fellesprofiling av verksemder frå fylket på ONS utan betydeleg grunnfinansiering synest lite realistisk.

Oversyn kostnadars

Arrangement	regularitet	totalbudsjett	SFFK øk. bidrag *)
Nor-Fishing	kvart 2. år	820 000	450 000
Aqua-Nor	kvart 2. år	1 340 000	200 000
ONS	kvart 2. år	1 900 000**	620 000

* I tillegg kjem kostnadars til reise og opphold for administrasjon og politikarar

**) Basert på budsjettala frå 2014. Fylkeskommunen organiserte ikkje kjøp av design, bygging, etc. i 2016, men avgrensa innsatsen til arealleige.

Vurdering av fylkeskommunen sitt vidare engasjement i messene:

Vi vil heile tida forløpende evaluere om kva som er den beste bruk av økonomiske midlar frå fylkeskommunen si side.

Aqua-Nor

Når det gjeld Aqua-Nor, har vi eit godt samarbeid mellom alle fire vestlandsfylka, også som ein vidareføring av vårt fylkesovergripande samarbeid innan marin sektor. Vestlandet er eit nasjonalt tyngdesenter innan akvakultur med komplette verdikjeder og tunge FoU- og utdanningsmiljø. Dette gjer det naturleg å synleggjere oss som ein region under messa. Vi får stort sett gode tilbakemeldingar frå brukarane. Messa kostar oss også lite, både i form av eige arbeid og økonomi i forhold til å gje eit godt tilbod til den akvakulturrelaterte leveranseindustrien på Vestlandet. For messa i 2017 vil små og nyetablerte bedrifter vere prioritert. Om dei andre fylka også ynskjer det, etter gjennomført messa i 2017, vil vi tilrå at ein held fram dette engasjementet.

Nor-Fishing

Fylkeskommunen har opsjon på eit attraktivt utstillingsareal i den så langt mest besøkte utstillingshallen. Dette er eit aktivum som vi i utgangspunktet bør ta vare på. I Trondheim er det nå starta med ombygging av heile området, og nye hallar vil bli etablert på messeområdet. Kva som vil vere mest attraktivt frå 2020 (då anlegget vil stå ferdig) vil vere umogleg å seie.

Konseptet har så langt har ikkje vore tilfredsstillande, det har vore mange arbeidstimer som har gått med til denne messa, i tillegg til dei økonomiske midlane. Messa har likevel kosta langt mindre enn det t.d. Møre og Romsdal går inn med på sitt utstillingsområde (kr 800 000).

Korleis skal vi bruke dette arealet på best måte i 2018?

Vi har ein uformell dialog med Møre og Romsdal om ein felles stand for 2018. Det er ei utfordring at dei har eit budsjett tett på det doble av det vi går inn med. I tillegg kan det vere at Møre og Romsdal ynskjer å vise seg som eigen eining utad, for å følgje opp sitt politiske syn på regionreforma. Dette er såleis eit usikkert alternativ.

Å ikkje ta i bruk opsjonen kan vere uklokt med tanke på at verksemder frå vårt fylke då vert vist til mindre gunstige hallar i 2018, samt at bedrifter frå andre fylke/land får overta denne plassen. Om vi «gjev den vekk» til ei bedrift eller organisasjon, kan dette synast urettferdig overfor andre som då kanskje ikkje får høve til å vere utstiller i denne hallen. Det vil slikt sett truleg vere best å halde på opsjonen vår, i alle fall fram til 2020 då utstillingsområdet vil vere bygd om.

Vi kan fortsette med «lågbudsjett-stand» der unge verksemder (< 10 år), små verksemder eller verksemder som gjennom innovasjon utviklar nye produkt for bruk innan fiskerisektoren vil få

førsteprioritet, og ein låg leigepris. Det er usikkert kor mange bedrifter i denne kategorien som ynskjer/treng denne form for profilering. Ein slik oversikt bør vi innhente snarleg.

Vi kan nok ein gong fremje ideen om å gje «reisestipend» til verksemder som vil delta på messa. Det kan vere problematisk å vurdere kriteria for kva verksemder som får slik støtte og kven som må finansiere dette sjølve. Også statstøtteregelverket kan komme inn i desse vurderingane. Dette kan kanskje bli rimelegare økonomisk, men kan ta mykje timeverk i administrasjonen. I tillegg misser vi då opsjonen på eit attraktivt areal.

ONS

Sogn og Fjordane har relativt få bedrifter som ser det som aktuelt å delta på ONS. Talet har vore relativt stabilt rundt 10. Prisen for utstillar vert høg trass stort offentleg bidrag. Forsøk på å finne alternative løysingar/tilbydarar for å få ned kostnadene har i liten grad ført fram. Nokre aktuelle utfordringar er dels at sjølve arealprisen er høg, dels at det med ein avgrensa bedriftsflora vert relativt få aktørar å dele felleskostnadene på.

Ut frå tilbakemeldingar frå utstillararar i høve fellesutstilling, og ut frå at vi no har opsjon på areal i det mest trafikkerte arealet på heile ONS, er tilsvarande areal tinga for 2018. Det er ikkje konkludert i høve modell for gjennomføring (fram til 2014 tok fylkeskommunen eit meir omfattande ansvar, mens Maritim forening i 2016 påtok seg delar av dette).

Konklusjon og tilråding

Aqua-Nor fortset så lenge dei andre vestlandsfylka finn det interessant. Det vert gjort ei evaluering etter kvar gjennomførte messe.

Vi må få avklart Møre og Romsdal si haldning til felles stand på **Nor-Fishing**. I tillegg bør vi (t.d. gjennom Innovasjon Norge) gjere ei overordna «kartlegging» av tenesteindustri som kan finne Nor-Fishing som ein interessant arena. På bakgrunn av dette må vi ta ei avgjerd om på kva måte vi skal delta på neste messe i 2018.

Ut frå tilgang til godt areal er det lagt inn bestilling for **ONS** 2018. Modell for gjennomføring bør avklarast første halvår 2017. Det bør være ein ambisjon å ha forpliktande signal frå utstillarar i løpet av september, då areal kan avbestillast kostnadsfritt fram til 1. oktober 2017.